



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyring av forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova

Fylkesmannen i Rogaland meiner at dagens system fungerer godt i vårt fylke, og at dei føreslegne endringane kan svekke status, medverknad og gjennomføring av tiltak i regionalplan for vassressursane i Rogaland. Vidare at revisjon og oppfølging av eksisterande regionalplan for vassressursane kan forenklast i forhold til prosess med ny plan.

Uavhengig av korleis ansvaret blir vidare, er det viktig at:

- det blir tilstrekkelege ressursar til lokalt arbeid med tiltaksprogram og tiltaksgjennomføring i vassområda
- at rollar og heimlar til å samordne og gjere vedtak er klare
- at det blir betre samordning på tvers av departement og direktorat

Får Fylkesmannen i Rogaland endra rollar innan arbeidet med vassforvaltningsplanar, vil vi så langt vi får ressursar til det, byggje vidare på det samarbeidet som er etablert og det gode arbeidet som er gjort av Rogaland fylkeskommune i samband med regionalplan for vassressursane våre.

Fylkesmannen i Rogaland syner til Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet sitt høyringsnotat datert 5. oktober 2017 om forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova. Vi har følgjande merknader til framlegge:t.

Status som regionalplan etter plan- og bygningslova

Rogaland fylkeskommune som vassregionmyndigheit har skapt lokalt engasjement og god framdrift i arbeidet. Det har vore ein styrke å ha heimel i plan- og bygningslova som gjev planen status som regionalplan. Dette har sikra medverknadsrett - og ikkje minst deltakingsplikt - for alle kommunar og statlege regionale styresmakter.

Dei føreslegne endringane er ei sentralisering og kan gje tap av ansvarskjensle, motivasjon og samarbeidsplattformer som er skapt gjennom regionalpanarbeidet regionalt og lokalt.

Vi ser likevel at det å kombinere prosesskrav frå vassforskrifta med prosesskrav til regionplan, har gjort arbeidet for komplisert og at det er behov for forenkling i organiseringa. Dette kan blant anna gjerast ved å bruke etablerte regionale samarbeidsfora som planforum og vanlege lokale og regionale politiske utval i høyring og vedtak.

Klare heimlar til samordning og gjennomføring

Om status som regional plan med heimel i plan- og bygningslova vert endra, er det viktig at det blir utarbeidd eit klart og dekkande heimelsgrunnlag for regionale styresmakter og kommunane sitt vidare arbeid for å betre vassmiljøet. Dette er avgjerande for å få ein plan med tyngde og lokal forankring. Vi er usikre på om dette vil bli godt nok ivaretatt med dei endringane i heimelsgrunnlaget som det er forslag om. Status til vassforvaltningsplanane må ikkje svekkast på ein slik måte at det vert vanskelegare å få sett av ressursar til vassarbeidet i kommunane. Desse må heller styrkjast, slik at det vert eit klart krav til kommunane om å ta dette arbeidet inn i kommuneplanlegginga; både arealdel med forskrifter og samfunnsdel med handlingsprogram.

Å redusere rolla frå vassregionmynde til regional vasskoordinator utan tilstrekkelege heimlar som gjev autoritet når det er naudsynt å skjere gjennom eller løfte problemstillinga opp til sentralt nivå, svekker samordningsrolla fylkesmannen er pålagt generelt og tiltenkt i dette tilfellet.

I plan- og bygningslovssystemet er motsegninstituttet eit slikt system. Det gjev status til regionale styresmakter og fylkesmannen til å løfte ein interessekonflikt opp til sentralt nivå for avgjerd. Dette gjev motivasjon og kraft til arbeidet med å løyse konflikhtar lokalt/regionalt. Det sikrar dessutan at sentralt statleg nivå må skjere gjennom i dei få tilfella ein ikkje kjem til semje lokalt/regionalt.

Klar rolledeling og ressursar lokalt til vassområda

Om endringa vert som foreslått, skal Miljødirektoratet, med vesentleg fagleg støtte frå Fylkesmannen, lage oppdaterte forslag til vassforvaltningsplanar, og KLD skal vedta desse. Om dette skal fungere godt, må arbeidsoppgåvene og rollane vere tydelege, med tilpassa ressursfordeling mellom Fylkesmannen, Miljødirektoratet og Klima- og miljøverndepartementet.

Lokal forankring har til no vore eit viktig prinsipp i vassforskriftarbeidet. For å halde fram med lokalt engasjement og god framdrift i tiltaksgjennomføringa, er vassområdekoordinatorane avgjerande. Ressursane til arbeidet i vassområda må difor minst haldast oppe på dagens nivå. Vert det ei overføring av ansvar frå fylkeskommunen til Fylkesmannen, må det følgje med nødvendige personalressursar til Fylkesmannen. Vi må setjast økonomisk stand til å oppretthalde samarbeidet med kommunane om lokale vassområdekoordinatorar, og elles gjere den delen av arbeidet som vi er tiltenkt, inkludert å følgje opp Miljødirektoratet.

Rogaland som eigen vassregion

Etter pilotfasen var det eit sterkt engasjement frå Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland og kommunane, for at Rogaland skulle vere eigen vassregion. Rogaland har fungert godt som eigen vassregion, og det har gjort prosessane mindre krevjande fordi vi kunne bygge på etablerte samarbeidsarenaer.

Regionreforma har avklart at Rogaland fylke kan halde fram som ein region. Vassregion Rogaland har også gode føresetnader til å halde fram som eiga eining ut frå naturgitte tilhøve og

næringsstruktur. Dimensjonane og strukturen i landbruksnæringa er eit døme her. Vi er og ein region med mykje akvakultur og vassdriven kraftproduksjon. Nedbørsfeltet er små, med høge krav til lokalkunnskap. Aksjon Jærvassdrag, med historie tilbake til 1990-talet, er ein lokalt forankra aksjon som no er ein del av Jæren vassområde. Alt dette vil bli best ivarettatt med Rogaland som eigen vassregion.

Tiltaksarbeidet

Det er svært viktig i det vidare arbeidet å sikre finansiering av tiltak. Prinsippet om at forureinar skal betale må kopleast med gode stimulerande støtteordningar. Vassområda og kommunane må også kunne søkje finansiell støtte til å rydde opp der det ikkje er ein ansvarleg forureinar/grunneigar.

Sentral samordning mellom departement og sektorar i det vidare arbeidet

Revisjon og oppdatering av regionalplan kan gjerast enklare og meir effektivt enn utarbeiding av ny plan, utan å endre mykje på dagens system. Om ein forenkler og jamstiller vassregionplanen med andre regionalplanar, skal dei ikkje lenger godkjennast av eit departement. Plan- og bygningslova sikrar at kommunar og statlege regionale instansar kan få konfliktspørsmål i lokale og regionale planar prøvd av sentrale styresmakter. Dette kan også gjerast for vassregionplanane, og slik sikre staten sitt behov for ansvar for oppgåver «*som gjør krav på sentrale beslutninger*» utan å ta ansvar bort frå lokalt og regional nivå. Interdepartemental runde er vanleg prosedyre i slike «overprøvingar», jamfør Villreinplanen og Regionalplan for Haugalandet.

Vi set pris på at det er lagt vekt på sentral samordning mellom direktorata og departementa i høyringsnotatet. Manglande sentral semje har vore eit problem for vassforskriftarbeidet - også lokalt - med mykje unødig tidsbruk.

Vi oppfordrar sterkt KMD, KLD og OED å bruke tid saman på å finne ei justert løysing som ikkje lausriv/distanserer planarbeid for vassressursane frå normale og velfungerande tverrsektorielle lokale planprosessar etter plan- og bygningslova. Departement og direktorat med sektoransvar for store og viktige næringsinteresser som energi, landbruk, fiskeri og havbruk, må takast med på råd.

Til slutt

Får Fylkesmannen i Rogaland ansvaret som regional vassområdekoordinator slik forslaget legg opp til, skal vi – forutsett naudsynte økonomisk overføringar - gjere denne oppgåva på ein god måte i samarbeid med Miljødirektoratet og aktuelle sektormyndigheiter. Vi vil halde fram med tett og godt samarbeid med vassområda, fylkeskommunen og kommunane, samt med statlege og regionale sektorinstansar.

Beste helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Ørjan Simonsen
Saksbehandlar telefon: 51568905
E-post: fmroocs@fylkesmannen.no

Kopi:
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Olje og energidepartementet
Rogaland fylkeskommune
Haugalandet vannområde v/ vannområdekoordinator Sven-Kato Ege
Jæren vannområde v/ vannområdekoordinator Randi Storhaug
Ryfylke vassområde v/ vassområdekoordinator Jarle Lunde